



Bø kyrkjeblad

Utgåve 11 - Mars 2023



Tilsette i Bø kyrkjelyd



Kyrkjeverje
**Alf Rose
Sørgarden**

958 91 494
alf.rose.sorgaarden@
mtkyrkje.no



Sokneprest:
**Axel J.
Bugge**

454 77 020
axel.bugge@mtkyrkje.no



Organist:
**Rolf
Axelsen Lie**

951 83 114
rolf.lie@mtkyrkje.no



Trusopplærar
**Signe Vreim
Østtveit**

971 82 146
signe.osttveit@mtkyrkje.no



Kyrkjetenar/
kyrkjegardsarbeidar:
**Håkon
Holtar**

906 16 806



Kontorfullmektig:
**Dagne
Mo**

404 31 829
dagne.mo@mtkyrkje.no



Vikarprest:
**Øystein
Fidjeland**

921 26 146
oystein.fidjeland@gmail.



Korleiar:
**Grete
Hasselgård Sele**

915 56 348
grete.sele@mtkyrkje.no



Kyrkjetenar/
kyrkjegardsarbeidar:
**Per Johan
Nordvik**

913 89 533



Kyrkjetenar:
**Håkon
Mæland**

957 51 519

Ei open kyrkjedør – der du er heime



Det hende for fleire år sidan, medan eg var prest i Oppsal kyrkje i Oslo, at klokka kom nærmast springande inn på kontoret mitt. Oppsal er ein drabantby i den søraustre delen av Oslo med ca 18000 menneske. Midt i drabantbyen ligg Oppsal kyrkje med prestekontor i same bygget. Kyrkjedøra, som hadde stått open den dagen, vende ut mot ein grøn liten oase med furutre, og så kjem gata med blokkene tett inn på kyrkja. No stod klokka Grethe i kontordøra med andpusten stemme og sa: «Det sit ein ung mann i kyrkja og græt». Eg reiste meg fort frå kontorpulten og gjekk inn i kyrkja, der eg kom inn ved alteret og hadde kyrkjebenkane framfor meg.

Nedst på venstre side sat ein ung mann og gret høglydt. Eg kjende meg hjelpelaus og gjekk roleg og sette meg framfor den unge mannen og spurde kvifor han gret. Då fortalte han at han og nokre kameratar hadde starta eit firma som ikkje hadde gått bra, og dei hadde stor økonomisk gjeld. No hadde kameratane hans planlagt å gjere eit ran for å få inn pengane. Medan kameratane hans var innom bustaden på Oppsal hadde den unge mannen sett den opne kyrkjedøra og gått inn i kyrkja, der alle hans kjensler og tårer fekk rom. Det var ikkje så mykje eg fekk sagt utanom å åtvare han mot å vere med på eit ran. Eg veit ikkje kor lenge mannen sat der og gret inne i kyrkja med andletet vendt

mot det store glasalterbiletet av Jesus på krossen, før mobilen hans ringde og han gjekk ut av kyrkja og vart borte.

Eg vart sitjande igjen åleine i kyrkje-rommet og sjå på det store glasmåleriet av Kristus på krossen. Det er laga av knuste glas og støppt saman i ei form av kunstnaren Victor Sparre. Desse knuste glasbitane er ein del av liva våre som vi får gje til Jesus, som tek imot alt vi har på hjartet. På krossen tok Jesus alle våre knuste glas, all vår synd og gjeld på seg og gav oss si tilgjeving. Kanskje var det dette som den unge mannen opplevde i kyrkja. Han fekk letta ei tung bør han bar på, det var ei djup fortvilning som fekk utløp i kyrkjerommet.

Mange år seinare møtte eg på nytt ein ung gut som gret i Bø kyrkje, og som var djupt fortvila over alt rotet i livet sitt. Det var den same kunstnaren Viktor Sparre som hadde måla den unge guten, bøygd på kne framfor faren som tek imot han. Du finn guten i det venstre alterbiletet i Bø kyrkje. Den unge guten som gret og som gøymer andletet med hendene er den bortkomne sonen som Jesus fortalde om i Lukas 15. Ei open kyrkjedør kan vere ein ny start i livet, ei hjelp til å finne din plass der du høyrer heime.

Med ynskje om ei god påske!

Axel J. Bugge



Nytt frå kyrkjeverja

Straumsjokk også for kyrkja

Dei fleste har sikkert fått med seg at dei auka straumprisane har ført til begrensa bruk av kyrkjene våre i februar og mars. For fellesrådet sitt vedkomande, auka straumutgiftene med 4,5 gong da vi runda årsskiftet. I tillegg fekk vi ein kraftig auke i pensjonsutgifter dette året. Det får sjølvstakt konsekvensar for totalbudsjettet, og fellesrådet såg seg nøydd til å knipe inn på mange postar då dei handsama budsjettet for 2023.

Eit av tiltaka var å avgrense bruken av kyrkjene våre, som jo ikkje er veldig energieffektive bygg, i vintermånadane. I februar og mars vert det halde ei gudsteneste i Bø kyrkje 26. februar

ettersom det var beramma dåp den dagen. Resten av gudstenestene blir i Bø bedehus. Gravferder går frå kyrkja, men vi må avgrense oppvarming til ein vekedag i denne tida. Ingen treng å vere uroleg for at ikkje kjende og kjære skal få ei skikkeleg gravferd. Om det blir for mange til å ha gravferder i Bø berre på fredagar, må vi sjølvstakt avvike frå regelen. Vi vonar tiltaka vi no set i verk gjev tilstrekkeleg innsparing. Det mest dramatiske vi kunne gjort ville ha vore å ikkje gjere noko. Då kunne vi hamna i ein situasjon der budsjettet var oppbruka på tidleghausten. Fellesrådet vil følge opp med fleire budsjettrevisjonar utover året.

Nye led-lamper ved kyrkjene

Som eit ledd i straumsparinga kom det også opp ein diskusjon om flaumlysa på kyrkjene. Litt undersøkingar viste at det var masse å spare på å bytte dei gamle lampene til ledlamper. Da vi i tillegg fekk vite at vi får tilskott frå Kyrkerådet sitt klimafond, var dette god timing. Når du les bladet skal lampene både ved Bø gamle kyrkje og Nes og Sauherad kyrkjer vere bytta ut. Vi byttar ut lampene ved alle tre middelalderkyrkjene i kommunen, noko som fører til at vi kan lyse opp tre kyrkjer for mindre enn prisen av ei tidlegare.

Auka utleigeprisar

Ettersom både straumen og drivstoff har blitt vesentleg dyrare, har fellesrådet

også auka prisane på utleige av kyrkjerom etc og utleige av minibussen. Oppdaterte utleigeprisar finn ein på www.mtkyrkje.no

Ombygging av kapellet

Ombygging av kapellet på Bøhaugen, som var tenkt påbyrja i fjor, vart som kjend utsett på grunn av at kostnadane vart høgare enn kva ein hadde finansiering til. I løpet av våren vil fellesrådet ha ei ny handsaming basert på oppdaterte tal, og med litt ulike modellar for finansiering. Dette skal vi få til, men det gjeld å skunde seg langsamt nok til at vi kan betale kva det kostar. Vi kjem tilbake med meir informasjon seinare.

Alf Rose Sørgaarden

Val av nytt sokneråd frist. Frist for innlevering av listeforslag

Nominasjonskomiteen i Bø sokn set opp forslag til valliste til soknerådsvale 2023. I nominasjonskomiteen sit Reidun Loland Erikstein, Christian Dahl og Martin Stærk. Forslag på kandidatar til soknerådet kan meldast til ein av desse eller til kyrkjeverja på epost alf.rose.sorgaarden@mtkyrkje.no eller telefon 35061040 innan 10.mars. Forslaga vert i så fall vidareformidla til nominasjonskomiteen. Valbare er medlemmer av Den norske kyrkja som bur i soknet, og som fyller 18 år seinast i 2023.

Det er også høve for andre nomineringsgrupper på ti personar med røysterett i soknet til å levere liste til val av sokneråd.

Innleveringsfrist for listeforslag er fredag 31. mars 2023, kl. 12.

Kyrkjevalet finn stad 10. og 11. september 2023 (same dagar som kommunevalet), med digital og fysisk førehandsrøysting frå 10. august.

Vi kjem attende med deltaljerte opplysingar om avviklinga av røystinga.

Øystein Fidjeland - Ny prestevikar i Bø kyrkjelyd

Øystein Fidjeland er 26 år og kjem frå Tønsberg og skal ha stiftspraksis som prestevikar i Bø, Nes og Sauherad frå 27. februar til 2. april, Palmesøndag. Øystein overtar etter prestevikar Ivar Solbu som har vore her etter jul.

Øystein Fidjeland er student ved MF Vitenskapelig Høyskole i Oslo. Øystein beskriv seg sjølv som ein livsglad person med mykje initiativ. Han har vore aktiv i MF – revyen som var nyleg. Øystein liker godt å gå turar og gler seg til å bli kjent med hyggelege folk



i Bø, Nes og Sauherad.

Øystein er svært glad i song og musikk og var i Bø på gutekortur allereie då han gjekk i 6. klasse. Sidan då har han blitt kjent med fleire av Bø sine flotte organistar og prestar gjennom korleirar med «Ung Kirkesang». Han syng i dag i gospelkor i Oslo. Øystein har etter vidaregåande gått på Hald Internasjonale Senter og reist til Brasil med Laget (Norges Kristelige Student- og Skoleungdomslag) og vore aktiv i Laget i Oslo.

Korskulen i platestudio!

Dei eldste barna i Seltin fekk vera med på eit spennande prosjekt då gjengen bak den musikalske førestellinga «Hått sa'ru» trong koring til plata med same tittel. Dei vil også bli å høyre på releasekonserten i Bø under Telemarksfestivalen.

På biletet: Emma Bergan Holtan, Nora Forberg Jørum, Eline Bjørnfeld, Sigrild Elisabeth Skilbred Helås, Emily Fåne, Anders Hefre, Jostein Rørmark og Stian Dalen



*Konfirmantar samlar inn pengar til Kirkens Nødhjelp 28. mars.
Frå venstre : Eric Johannes Fostervoll, Tor Øyvind Lønnestad, Ingrid Marie Stærk,
Guro Karlbom Dahle.*

Fasteaksjonen 2023 Tysdag 28. mars

Ta godt imot konfirmantane som kjem på døra tysdag 28. mars og ber om pengar til Kirkens Nødhjelp.

Pengane går til brønnvatn til fleire fattige.

Tenk deg ei lita jente på sju år. Ho må kan hende gå fleire kilometer kvar dag for å hente vatn til familien. Skule får ho knappast tid til.

Kirkens Nødhjelp har gjennom mange år

opparbeida seg stor og brei kompetanse på vatn.

For å hjelpe folk treng ein pengar. Konfirmantane i Bø trår til i år også. Det er hyggeleg å treffe folk heime når bøssene berast rundt. Ta difor gjerne ut kontantar du kan putte i bøssene. Du kan sjølsagt gje på Vipps; nr 2426.

Medmenneske lid. Dei treng vår hjelpande hand.

La oss samles til gudstjeneste!

Gud ba Moses hilse Farao og si: «La mitt folk fare, så de kan holde gudstjeneste i ørkenen!» (2. mos. 7,16) Farao skulle ha hørt på ham. Moses kom flere ganger med lignende krav: «La mitt folk fare» - så de «kan feire høytid», så de «kan ofre», så de «kan tjene» Gud, med andre ord: «Holde gudstjeneste i ørkenen». Men Farao nektet dem det. Kanskje forsto han hva gudstjeneste virkelig er?

Det kan jo virke pussig at det var nettopp gudstjeneste som Gud i sin godhet ville bevilge dette plagede slavefolket. En liten pause i hverdagen? En liten andaktsstund med ord om trøst og håp i trange slavetider? Hvis dette var det som lå i kravet kunne nok Farao også ha innvilget folket permisjon. Men «feire høytid», «ofre», «tjene», «holde gudstjeneste» var noe mer. Det er noe mer. Det er i seg selv en utferd, en eksodus. Vekk fra livet som Faraos folk og inn i livet som Guds folk. Bort fra Faraos rike og inn i Guds rike. Farao hadde rett i sine mistanker; en slik feiring i ørkenen ville føre til at han mistet dem.

Jeg trodde aldri jeg skulle oppleve at kirkene skulle bli stengt her i Norge. Men det ble de i noen perioder under pandemien. Jeg forsto begrunnelsene, men jeg forsto også noe annet: Hvor viktig det er for kristne å samles til gudstjeneste.

Kirken kan spre budskapet gjennom så mange medier, men den er da heller ikke Guds informasjonstjeneste. Gud klarer fint å informere om seg selv. Det vi derimot ikke klarer er å forvandle oss selv. Fra å være et produkt av den verden vi lever i, til å bli preget av Guds rikes kjærlighet og liv. Å holde gudstjeneste er noe langt mer enn å høre informasjon om Gud.

Gudstjeneste er en eksodus. Det er å komme sammen som et folk som Gud kan forme. Det er å gjøre forvandlende ting og motta forvandlende gaver. Det er å øve på å leve etter kjærlighetens lov, for så å leve den ut i verden. Ikke bare lærte Jesus disiplene sine å be sammen til «vår Far»; han kalte dem til å leve sammen som kirke. Og de «holdt sammen», delte alt og «ingen led nød» (Ap.gj. 4,34). Guds rike var kommet nær. Et rike med kjærlighet som grunnlov bredte seg ut.

Jeg leser om iranske myndigheters forfølgelse av kristne som samles til gudstjenester. Og tenker at disse autoritære kreftene kanskje forstår bedre enn mange av oss hva gudstjenester kan føre til. Så la oss samles til gudstjeneste, så mange vi kan, for dem som ikke kan og for hele verden.

Nils Terje Andersen, sokneprest i Vågsbygd kirke

Ny styrar på Jønmbu fjellkyrkje



Olav Sunde, 49 år, har starta opp som ny bestyrer på Jønmbu Fjellkyrkje frå januar i 50%. Vi ynskjer han hjarteleg velkommen som dagleg leiar på Jønmbu. Olav Sunde er frå Heddal og er gift og har to born. Han har frå før arbeida i Notodden. Olav Sunde kan treffas på mobil 909 93 691

Samstundes vil vi takke Halgeir Vreim for lang og trufast teneste som bestyrer i 11 år på Jønmbu. Halgeir Vreim har vore lett å be og han har gjort ein stor innsats for å halde den store kyrka og internatet oppgradert til ein kvar tid.



Elva vår

Noe av det første jeg la merke til da familien flytta til Gvarv for over 40 år siden, var elva. Den snor seg gjennom dalen. Helt fritt går den ikke. Mange yttersvinger er solid steinsatt. En elv følger sin egen dynamikk. Den graver i yttersving og legger igjen i innersving hvor strømmen er roligere. På Gvarv tok den med seg masse sand og en enebolig hang på vippen etterpå. Svingen ble raskt steinsatt, og elva ble nokså annerledes etter det. En elv kan grave og etterlate seg små sjøer. Tjernet ved Evju bygdetun er et eksempel på en slik sjø.

Det aller mest spennende ved elvene våre, er livet der. For 40 år siden fisket jeg en del, men fikk aldri noe. Det går laks opp i elva. Det betyr at vi har ansvar for en gruppe laks som har en litt annerledes gensammensetning enn laks fra andre vassdrag. I en tid da villaksen er truet, kan det bli kjempeviktig. Senhøstes går Norsjøsiken opp elva for å gyte. Den er lett å få på garn. Ørekyte har dessverre kommet til elva vår. Det er en liten stimfisk som er en sterk konkurrent til ørretyngelen. Elva er fra gammelt av kjent for en rik bestand av elveperlemusling. Den

ble nok redusert i den lange, vonde perioden med sur nedbør. Jeg har ikke lett etter den på mange år, men den finnes nok ennå.

Jeg har ikke tall på hvor mange turer jeg har hatt i kano. Morgen og kveld dukker beveren opp, et hode og så et durabelig plask. Borte er den. Denne opplevelsen burde alle barn få med seg.

Det er mange forskjellige naturtyper langs et vassdrag. Det tiltrekker seg et rikt fugleliv. Det vakreste tror jeg jeg opplever en vinterdag med temperatur under minus 15. Frostrøyken driver over Sagahølen. Siden elva her er isfri, finner sangsvanene mat. Tidligere lå det flere familier her. De siste årene har det som regel bare vært en.

Vårt umettelige behov for elektrisitet er en konstant trussel for elvene våre. Jeg synes vi er rike nok. Vi burde heller redusere rikdom enn øke den. Våre etterkommere har rett til, ja krav på, å få oppleve områder med original, urørt natur. Det som er enda viktigere, er at LIVET er avhengig av denne mest mulig urørte naturen.

Påskemorgen slukker sorgen

Sanger og salmer oppleves gjerne som minnebanker; de åpner for minner når melodien tar tak i huskemuskelen. Og med melodien kommer sang- eller salmeteksten rullende fram i bevisstheten. Og minnene om mennesker vi har sunget sammen med. Vi husker at vi har sunget sanger for og sammen med egne barn, og vi minnes foreldre eller besteforeldre som har sunget for oss. Eller steder og situasjoner der sangen ble sunget.

Den danske presten, og bl.a. folkehøgskolens «far», Nikolai Frederik Severin Grundtvig (best kjent som N.F.S. Grundtvig) skrev i 1843 salmen **Påskemorgen slukker sorgen** (Norsk Salmebok nr. 196), som Ludvig Mathias Lindeman (L.M. Lindeman) skrev melodi til i 1864. Denne påskesalmen, som har vært i bruk i mange generasjoner, er kanskje den som flest har et forhold til. Og tekst og melodi er blitt så tett sammenvevd, at den ene er utenkelig uten den andre, som skrevet i innledningen.

At teksten kan oppleves som litt «gammelmødig», kan kanskje være et tegn på at sangen har fått leve et relativt langt liv, og har tålt «tidens tann» på en god måte. Og mystikken som ligger i en litt vanskelig tekst med litt uforståelige ord, kan gjerne virke spennende på nye generasjoner.

I en tid der alt er i forandring, kan det oppleves viktig at noe er bestandig. Og salmene våre er en del av dette som ikke trenger forandring for forandringens skyld. (Vi har nylig blitt minnet på viktigheten av dette gjennom TV-programmet *Demenskoret*. Hva skulle dette koret ha gjort om de ikke kunne bygge på et stabilt grunnlag av et felles sangrepertoar?)

Det blir ikke riktig påske uten *Påskemorgen slukker sorgen*. I påsken 1995 var hele familien samlet, og visste at min (Øyvinds) mor hadde kort tid igjen. Da husker jeg at vi tok søndagen på forskudd, og sang denne salmen sammen i løpet av påskeuka (kanskje både onsdag og torsdag), og hun var med. Hun døde på langfredag. Selv om jeg ikke kan si at påskemorgen slukket sorgen den første søndagen etter, så var det godt å huske på det fellesskapet det var å synge denne sangen disse siste dagene. Og dette var nok også hennes hoved-påskesalme.

Anne Marit og Øyvind Risa



*Påskemorgen slukker sorgen,
slukker sorgen til evig tid;
den har oss givet
lyset og livet,
lyset og livet i dagning blid.
Påskemorgen slukker sorgen,
slukker sorgen til evig tid.*

*Redningsmannen er oppstanden,
er oppstanden i morgengry!
Helvede greder,
himlen seg gleder,
himlen seg gleder med lovsang ny.
Redningsmannen er oppstanden,
er oppstanden i morgengry!*

*Sangen toner, vår forsoner,
vår forsoner til evig pris;
han ville bløde
for oss å møte,
for oss å møte i paradiset.
Sangen toner, vår forsoner,
vår forsoner til evig pris.*

*Bøtt er brøden, død er døden,
død er døden som syndens sold!
Nå ligger graven
midst i gudshaven,
midst i gudshaven i Jesu vold.
Bøtt er brøden, død er døden,
død er døden som syndens sold.*

*Mørket greder, englekleder,
englekleder de er som lyn.
Om enn bedrovet
smiler dog støvet,
smiler dog støvet ved englesyn.
Mørket greder, englekleder,
englekleder de er som lyn.*

*Se, i skarer opp vi farer,
opp vi farer fra grav i sky.
Tungene gløder,
Herren vi møter,
Herren vi møter med lovsang ny.
Se, i skarer opp vi farer,
opp vi farer fra grav i sky.*

Kyrkjebladet har oppfordra Martin Stærk, avtroppende kirkeverge i Midt-Telemark kyrkjelege fellesråd, til å fortelle noe fra arbeidet han har hatt.

Martin Stærk

Når du nå slutter i denne jobben, er vi nysgjerrige på hva denne stillinga innebærer og hvordan du har hatt det. Kirkevergejobben innebærer å være daglig leder for alle ansatte i fellesrådet. Fellesrådet består av to representanter fra Sauherad og Nes sokn, to representanter fra Bø sokn, en representant fra kommunen og proststen. Disse utgjør det øverste demokratiske organet for lokalkirken i Midt-Telemark. De har ansvar for kirkene og alle de andre byggene. De har også ansvar for gravplassforvaltningen og kirkegårdene. Fellesrådet er også arbeidsgiver for alle som er ansatt i kirken lokalt. Kirkevergen er daglig leder for fellesrådet og opptre på vegne av fellesrådet. Det betyr at jobben er allsidig, med mange spennende oppgaver. Sammen med en flott gjeng kollegaer skal vi bidra til at



soknerådene planer blir gjennomført, sørge for vedlikehold av bygg og kirkegårder, passe på å holde budsjett og føre regnskap osv. Jeg har hatt en veldig spennende jobb der jeg har fått jobbe med veldig flinke kollegaer. Jeg vil se tilbake på denne perioden med glede.

Men først, hva fikk deg til å søke på denne stillinga og når var det?

Før jeg startet som kirkeverge jobbet jeg 14 år på Sagavoll Folkehøgskole. I løpet av den perioden hadde jeg permisjon i ett år og jobbet som daglig leder på Jønnbu fjellkyrkje og ungdomssenter. Jeg var litt på leit etter noe annet i 2011 og så utlysningen om kirkevergejobben i Sauherad. Da hadde jeg vel knapt hørt begrepet kirkeverge og visste lite om hva det innebar. Men etter litt undersøkelser tenkte jeg at det

kunne være spennende å søke. Jeg søkte den jobben, men fikk den ikke. Året etter ble kirkevergejobben i Bø ledig og jeg søkte den også. Den var jeg heldig å få og startet opp i mai 2012.

Hva har du likt best og er det noe du vil savne når du slutter?

Jeg har likt veldig godt å samarbeide med alle de flinke kollegaene jeg har hatt. Mange prosjekter er gjennomført, og når man gjør dette sammen med flinke og trivelige folk, blir det gøy. Store vedlikeholdsprosjekter på kirkebyggene, bygging av nytt kirkekontor og sammenslåingsprosessen frem mot 2020 kan nevnes som spennende prosjekter. Men det har også vært utviklingsprosjekter i menighetene som har vært veldig fint å være med på. Jeg er glad i hverdager, og jeg har hatt veldig mange fine hverdager der vi har stått på for det som er kjernevirksomheten for lokalkirken. Det handler jo om å skape gode møteplasser der de som kommer kan møte medmennesker og Gud.

Er det noe som har betydd noe helt spesielt for deg personlig?

Jeg liker å sette mitt lille bidrag inn i en historisk sammenheng. Det passer fint når man jobber i kirken. De tre middelalderkirkene i kommunen vår er bygd på 1100-tallet. Inn i disse kirkerommene er det terskler av stein som er nedslitt av alle som har gått ut og inn av disse rommene i snart 1000 år. I glede og sorg, til store og små

begivenheter. Å få være en bitteliten del av denne historien har betydd mye for meg.

Ser du noen spesielle utfordringer i dette arbeidet?

En av utfordringene er å ta ut det store potensialet som ligger i å være kirke i lokalsamfunnet. I kommunen vår har vi flotte kirkebygg, menighetshus, kapeller, flinke ansatte, flotte bidragsytere i soknerådene samt en stor og viktig gjeng med frivillige. Alt dette til sammen gir mange muligheter, og i det ligger det også en stor og spennende utfordring.

Hva skal du gjøre videre, som har fått deg til å bestemme deg for å slutte?

Jeg har fått jobb i KA, arbeidsgiverorganisasjon for kirkelige virksomheter. KA er arbeidsgiverorganisasjon for alle fellesrådene i Norge. Vi har også mange organisasjoner som medlemmer, som for eksempel NMS, Søndagsskolen og Kirkens SOS. Vi er tariffpart på vegne av disse som arbeidsgivere. Vi driver med rådgivning i arbeidsrett, tariff, gravplass, kirkebygg, økonomi osv. Vi jobber også politisk for å gi våre medlemmer så gode rammevilkår som mulig. Det betyr at jeg fortsatt kan få jobbe for å bedre lokalkirkens rammevilkår, og det synes jeg er veldig spennende og givende.



Anne Guri Hegna Smeplass (t.v.) og Veslemøy Gundersen driv Blomsterstemning i Bøgata.

Dekorerte i Oslo til Nobelprisutdelinga

- Spennande og utfordrande å få jobbe med dei beste!

Dei to siste åra har Anne Guri og Veslemøy frå Blomsterstemning i Bøgata vore med på å pynte Rådhuset i Oslo i samband med Nobelprisutdelinga. Stein Are Hansen, som budde ein del år på Nordagutu, har hovudansvaret for oppgåva.

Tekst og foto: Ivar Solbu

Anne Guri Hegna Smeplass (42) er frå Kleppe i Nome. Ho bur i Bø, er gift og har to barn. Ho har drive med blomster heile livet. – Eg er veldig glad i strå og synest Dahlia er flott, men elles har eg favorittar innanfor kvar sesong.

Veslemøy Gundersen (46) er frå Notodden, bur på Gvarv, har kjæraste og to gutar. Ho har vore lærar på blomsterdekoratørlinja på den vidaregåande skulen i Lunde. – Eg har ingen favorittblomster, men er glad i varme fargar. Alle blomstrar er fine, med kvar sin eigenart. Begge har hatt sensoroppgåver i regi av prøvenemnda i fylket.

Blomsterbutikken **Blomsterstemning** i Bøgata starta dei, ifølgje dei sjølve, i ammetåka i 2006. Begge hadde nettopp blitt mødrer for første gong. – Seinare har det vore mykje hardt arbeid,

hektisk, men moro, ler damene. I dag har butikken sju tilsette: fire med fagbrev, to lærlingar og ei ekstrahjelp.

-Vi to har eit unikt samarbeid, er godt samkøyrd og har alltid ein god tone. Men det betyr ikkje at vi alltid er einige. Visjonen vår er å hjelpe menneske til å setje blomster til følelsane sine, frå fødsel til gravferd og til alt i mellom. Også til det kvardagslege. På den måten blir det mange menneskemøte kvar dag, seier dei.

I butikken i Bø-gata er det i tillegg til masse blomster også mange pokalar. Begge har deltatt i mange konkurransar, distriktsmeisterskap og Noregsmeisterskap. Dei har også deltatt internasjonalt, mellom anna i Nederland. Anne Guri var tatt ut til Nordisk meisterskap for få år sidan, men koronaen sette ein stoppar for gjennomføringa. – Vi deltar framleis i konkurransar, sjølv om det skaper



Frå pyntinga av Oslo rådhus til Nobelprisutdelinga i desember 2022. Stein Are Hansen har samla sine «arbeidsmaur» rundt seg, og til venstre for han sit Anne Guri og Veslemøy. (Foto: privat)

mykje nervar og stor spenning. Men det gir stor glede for faget, og vi lærer masse.

Igjennom fleire år har Veslemøy og Anne Guri samarbeidd med Stein Are Hansen. Stein Are, med sterk tilknytning til Nordagutu, blei verdsmeister i blomsterdekorering i 2010. Meisterskapen blei arrangert i Shanghai i Kina. Det blir arrangert kvart fjerde år, og ein kan berre delta éin gong. Det er enormt stort å bli tatt ut til VM! I ein

del år dreiv Stein Are blomsterbutikk i Oslo, no har han ein liten butikk i Steigen, der han vaks opp, men bruker det meste av tida si som freelancer blomsterdekoratør. Han har mellom anna ansvaret for blomstrane på Grand hotell i Oslo. I år skal ein tidlegare lærling av han delta i VM, som blir arrangert i England. – Då skal vi over for å vere heilagjeng, seier Veslemøy og Anne Guri.

-Stein Are er ein brennande blomstermann, han er utruleg dedikert til faget sitt. Eg har kjent han i mange år og har jobba for han tidlegare, seier Anne Guri. – Han var også ein del her i Bø og heldt kurs i regi av Bø Blomster. For nokre år sidan hadde vi for få på jobb då jula nærma seg og vi tok kontakt med Stein Are. Vi ropte etter hjelp og han sa ja! No har han jobba her nokre dagar kvar jul dei siste tre åra. Blomsterdekoratørmiljøet er ikkje så veldig stort, vi kjenner mange rundt om i landet.

Samarbeidet har fått konsekvensar. Stein Are Hansen har hatt ansvaret for å pynte Rådhuset i Oslo i samband med utdelinga av Nobels fredspris. Her er det han som har spurt etter hjelp, og Veslemøy og Anne Guri som har sagt ja. To gonger har dei vore med i Rådhuset. Dei har også vore med å dekorere til Oslo Open, - ein stor blomsterdekoreringskonkurranse.

-Etter ei idémyldring kjem Stein Are ut med ein klar idé og plan. Det er mykje forarbeid og planlegging. Vi er arbeidsmaur i denne samanhengen. Stein Are er glad i å bruke få sortar og får veldig mykje ut av det. Kanskje er han verdas beste på nettopp det. I år brukte vi 2000 anthurium-blomster (på norsk ofte kalla Flamingoblomst) og 8000 kornellgreiner. Det seier litt om dimensjonane. Utdelingsseremonien blir overført på TV og dette legg visse premisser for kvar vi plasserer dekorasjonar. Men hovudfokus er på scenen.



Dei brukte 2000 anthurium og 8000 kornellgreiner ved pyntinga i Oslo rådhus. (Foto: privat)

-Stein Are dukkar nok opp i butikken igjen. Det er flott å kunne utveksle idéar med han. Det er viktig å ha gode sparringpartnarar.

-Bransjen vår er i stadig utvikling, ein blir aldri ferdig utlært. For få dagar sidan var vi på kurs i berekraftig sorgbinderi. Vi leverer mykje blomster til gravferder i Sauherad, Bø og Lunde. No er det sterkt fokus på å bruke nedbrytbart materiale, og at vi kan vera pådrivarar i forhold til dei som leverer varer til oss. Vi skal skape det vakre, men ikkje eit søppelproblem, seier Veslemøy Gundersen og Anne Guri Hegna Smeplass i Blomsterstemning.

Christos Anesti! Kristus er oppstanden!



Christos Anesti! Alithos Anesti!
Kristus er oppstanden! Sannelig,
sannelig, Han er oppstanden! For
en herlig proklamasjon av vår mest
grunnleggende og dyrebare sannhet.
Jesus lever, Han er ikke død. Han er
oppreist fra de døde og lever for evig ved
Faderens høyre hånd.

Jeg elsker denne type proklamasjon!
Det gir meg håp! Det skaper et nytt
perspektiv for meg. Det skaper en
trygghet i meg. På tross av alt som
kan skje rundt meg så vet jeg: Han
har beseiret døden! Men noen viktige
spørsmål dukker opp: hvordan
proklamerer vi Jesus sin oppstandelse
i dag? Eller; hva er det som roper ut
fra oss, som er så tydelig at alle rundt
oss ser og bekrefter at Jesus lever? Er
oppstandelsessannheten bare et historisk
faktum uten noen åndelig betydning?
Hva er oppstandelsens største bevis? Er
det at graven er tom? Disse spørsmålene
kommer til meg hver gang jeg mediterer

på Jesu oppstandelse.

Jesu oppstandelse er grunnlaget for
kristen tro, og proklamasjon av denne
sannheten er viktig for å bekrefte
troen. Men for å proklamere Jesus sin
oppstandelse i dag trenger vi å leve
som om han levde, ved å praktisere
hans kjærlighet, rettferdighet og
barmhjertighet i våre liv. Enkelte
mennesker søker bevis, men beviset
på oppstandelsen finnes gjennom en
endring i våre liv og vår relasjon til Gud.
Det er flere måter å proklamere Jesu
oppstandelse i dag. En av dem er ved
å vise frem det nye livet vi lever som et
resultat av hans oppstandelse. Dette nye
livet er beviset på at Jesus lever og virker
i oss og gjennom oss. Paulus nevner
dette i Romerbrevet kapittel 6 vers 4.
Han sier : Vi ble altså begravet med ham
da vi ble døpt med denne dåp til døden,
for at vi skal leve det nye livet, likesom
Kristus ble reist opp fra de døde ved
Faderens veldige kraft.

Ved å dele vår personlige erfaring
med Jesus, som en direkte konsekvens
av hans oppstandelse, viser vi
frem at vi er oppreist sammen
med Jesus. Det er viktig å huske at
oppstandelsessannheten er mer enn
et historisk faktum, det har en åndelig
betydning for vårt eget liv og vårt
forhold til Gud. Gravens tomhet er
et bevis for oppstandelsen, men det
største beviset er det nye liv vi lever som
resultat av hans oppstandelse.

Proklamasjonen av Jesu oppstandelse gir
håp og et nytt perspektiv på livet. Paulus
sier i 1. Korinterbrev 15 : hvis de døde
ikke står opp, ... da er vårt budskap om
Kristus tomt og deres tro er også tom.
I dag proklamerer vi oppstandelsen
gjennom vårt nye liv i Kristus, et liv som
gjenspeiler Hans kjærlighet, karakter og
nåde. Men beviset på at Jesus er oppreist
fra de døde er vårt nye liv i Ham som
viser nettopp dette.


Dagens samfunn har et behov for
empirisk bevis, derfor trenger de å se og
oppleve endring i livet vårt for å tro på
oppstandelsen, akkurat som Tomas ville
se naglemerkene før han trodde. Dette
nye livet er beviset på at Jesus lever i
dag. Men Jesu oppstandelse kan ikke ses
med øynene. Troen på oppstandelsen
krever en dyp relasjon til Jesus og
erfaring med det nye livet i Ham.
La oss være beviset på oppstandelsen
ved å reflektere Kristi kjærlighet,
rettferdighet og barmhjertighet i våre
handlinger og relasjoner. La oss aldri
glemme at oppstandelsen ikke bare er
et historisk faktum, men har en dyp
åndelig betydning for vårt liv og vårt
forhold til Gud. God påske!

Dennis Da Silva
Pastor Bø Pinsemenighet

Påsegåve til Bø kyrkjeblad!

Tusen takk til alle som har vore
med å gi ei gåve til Bø kyrkjeblad.
Bladet går dessverre med under-
skot, så vi treng fleire som gir.
Gud elsker ein glad givar og vi
takkar for alle bidrag.
Beste helsing
Ulf Vege, soknerådsleiar

Vil du gi ei påsegåve til kyrkje-
bladet som kjem ut fire gonger
i året? Då kan du betale inn 200
kroner til konto eller på Vipps
(eller eit anna valt beløp).
Legg gjerne inn fast beløp til
kyrkjebladet på autogiro.
Kontonummer: 2801.53.52096,
merk med «Påsegåve til kyrkje-
bladet».
Vippsnummer: 632120



Påskedagane



Palmesøndag:

Jesus markerer seg, men på ein svært beskjedne og audmjuk måte. Menneska hyllar han. Hendinga er ei oppfyljing av Sakarja 9,9. Det er ei underleg blanding av å vere sigerherre - hyllesten - og tapar - det nesten nedverdigande - på eit esel!



Skjærtorsdag:

For ein dramatisk og skjebnetung dag og kveld. Berre Jesus visste kva som låg framfor. I denne situasjonen gir han oss alt - heile seg. Kvar søndag feirar og minnest vi dette. Nattverden. GLØYM DET ALDRI!



Langfredag:

For ein smertedag. Dette gjorde han for oss.



Påskedag:

For ei glede og fryd. Det umogelege har blitt mogeleg. Les 1. Korintarbrev kapittel 15 i denne faste- og påsketida.

Slekters gang frå desember 2022

Døypete og vigde



11/12-2022:
Halvor Flottorp Hefre



22/1-2023
Ludvig og Linus
Berntsen Jonस्कås



26/02-2023:
Arthur Slettemoen
Andersen



7/1-2023
Lin-Mari Holmebæk
Foss og Steinar Tveito
Storli overraska alle
gjestene som var bedne
i barnedåp til Ingelin
Holmebæk Tveito med
å gifte seg. Her ser de
brudepar og dåpsbarn i
Bø kyrkje.

*Vi gratulerer
dåpsfamiliane med dagen og
ynskjer barna velkomne
til sundagsskulen!*

Gravlagde/Bisetting



14.12.2022:
Borghild Haugen
15.12.2022:
Johannes Lia
16.12.2023:
Lars Fossum
10.01.2023:
Solomon Sharkor
03.02.2023:
Randi Sudbø
09.02.2023:
Anne Lise Gunnerud
17.02.2023:
Kjersti Kaasa
21.02.2023:
Kjersti Pladsen
21.02.2023:
Arvid Nordbø
24.02.2023:
Toril Aarhus Håkonsen

*«Lær oss å telja
våre dagar
så vi kan få
visdom i hjartet!»*

Salme 90.12



FORMIDDAGSTREFF NES MENIGHETSHUS

*Velkommen til Formiddagstreff på Nes menighetshus.
Vi serverer god mat, det er andakt, god tid til å prate sammen,
og vi har dagens tema. På samlingene er det kollekt.*

Tirsdag 14. mars 2023 kl. 11.00 – 13.00

Forsteamanuensis ved UiA **Hans Inge Sævareid**: Mestring i hverdagen, en opplevelse av sammenheng.

Tirsdag 28. mars 2023 kl. 11.00 – 13.00

Journalist **Halvor Ulvenes**: Det hende i Telemark, - søger frå heile fylket. Boksal.

Tirsdag 11. april 2023 kl. 11.00 – 13.00

Ole Thor Ripegutu med flere: IL KJAPP – 90 år: Pionerne, profilene og prestasjonene.

Tirsdag 25. april 2023 kl. 11.00 – 13.00

Jorid Vale fra Sauherad bygdekvinneforbund forteller om lokale mat-tradisjoner: *Gje meg i dag min daglege graut.* Servering av flere typer graut.

Tirsdag 9. mai 2023 kl. 11.00 – 13.00

Pensjonert prest **Tom Martin Berntsen**: Gabriel Scott: Kilden. Visdom for livet. Gabriel Scotts bok om fiskeren Markus er en elsket klassiker langs kysten. Den vil også ha noe å si i de indre bygder. Pensjonert sokneprest Tom Martin Berntsen oppmuntrer egen og andres alderdom med Scotts ord om støv og salighet!



Design • Websider • Visuell identitet • Print
Sosiale medier • Tekst & innhold • Film & foto

superlativ

Kreative telemarkinger

superlativ.no

VI UTFØRER ALT INNEN
NYBYGG, PÅBYGG OG
RESTAURERING



**MIDT-TELEMARK
BYGG AS**
mtbygg.no
Folkestadvegen 166, 3802 Bø



Tlf. 35 06 00 00
www.systemblokk.no





Åpningstider: 10-18 (16)
Tlf: 35 06 03 50



HAUGESTØL VVS AIS
3800 BØ – Tlf. 35 06 06 50

Tlf. 35 06 06 50
Vakttlf. 480 01 222
E-post: post@haugestolvvs.no





**VELKOMMEN
TIL OSS!**


Bertelsen Nyhuus Optikk
bertelsennyhuusoptikk

Grundige synsundersøkelser,
god fagkunnskap, oppdatert
utstyr, topp service,
kjente merkevarer og
konkurransedyktige priser

Åpent mandag - fredag 10-16
lørdag 10-14



Bøgata 61, 3800 Bø tlf. 4839 4681
post@bnoptikk.no www.bnoptikk.no



MURMESTER
ESPEDALEN
MEIR ENN MUR

Tlf. 35 06 03 30
www.murmesterespedalen.no



FARGERIKE

Bø Maling a/s

Butikk: 35 95 13 50 E-post: post@bomaling.no
Håndverk: 95 88 05 26 E-post: john@bomaling.no



BØ AUTO

Verksted
EU-kontroll
Bilutstyr

BILUTLEIE

 35 95 02 75

KIWI'S PRISLØFTE

VI GIR OSS ALDRI PÅ PRIS!

KIWI mini pris

KIWI Bø **7-23**
ÅPNINGSTIDER: MAN-LØR

MARTHE VALE WANG - LOGOPED MNLL M/MØNSTERAVTALE HELFO

JEG TILBYR OPPFØLGING HJEMME HOS KLIENT, PÅ INSTITUSJON, PÅ ARBEIDSPASS, PÅ SKOLE OG I BARNEHAGE, I MIDT-TELEMARK OG OMEGN.

ARBEIDSMRÅDER: PARKINSON, AFASI, STEMMEVANSKER, SPRÅK- OG UTTALEVANSKER, TALEFLYTVANSKER, OG UTREDNING AV DYSLEKSI AV BARN OG VOKSNE.

TA KONTAKT VED SPØRSMÅL ELLER ØNSKE OM TIMEBESTILLING.

KONTAKTINFORMASJON:
MARTHE VALE WANG
+47 986 18 919
LOGOPEDWANG@GMAIL.COM



VALO PUMPER AS


OLAV HAUGESTØL

40 års erfaring innen
vann- og avløppumper



VALO Pumper AS • Vreimsida 126 • 3803 Bø i Telemark
Tlf. 911 01 000 • olav@valopumper.no

Velkommen til gudsteneste!



DATO	TID	STAD	TEKST	DAG	OMTALE
05.03	11:00	Bø bedehus	Matt 15,21-28	Andre søndag i faste	Familiegudsteneste
12.03	11:00	Bø bedehus	Luk 11,14-28	Tredje søndag i faste	Årsmøte etter gudstenesta
19.03	17:00	Bø bedehus	Joh 11,45-53	Fjerde søndag i faste	Kveldsgudsteneste
26.03	11:00	Bø bedehus	Luk 1,26-38	Maria bodskapsdag	Fellesmøte - Ulf Vege taler- kyrkjekaffi
02.04	11:00	Bø kyrkje	Joh 12,12-24	Palmesøndag	Familiegudsteneste
06.04	11:00	Bø sjukeheim	Matt 26,17-30	Skjærtorsdag	Nattverdsgudsteneste i kantina
06.04	17:00	Nes kyrkje	Matt 26,17-30	Skjærtorsdag	Felles nattverdsgudsteneste
07.04	11:00	Bø kyrkje	Matt 26,30 - 27,50	Langfredag	Fellesgudsteneste med Sauherad og Nes
09.04	11:00	Bø kyrkje	Luk 24,1-9	Påskedag	Høgtidsgudsteneste
10.04	11:00	Jønnebu fjellkyrkje	Luk 24,13-35	Andre påskedag	Familiegudsteneste
10.04	17:00	Tomaskapellet	Luk 24,13-35	Andre påskedag	Tru og lys-gudsteneste
16.04	11:00	Bø kyrkje	Joh 21,1-14	2. søndag i påsketida	Gudsteneste
23.04	17:00	Bø kyrkje	Joh 10,11-18	3. søndag i påsketida	Kveldsgudsteneste
30.04	11:00	Bø kyrkje	Joh 16,16-22	4. søndag i påsketida	Gudsteneste. 50-års konfirmentar
07.05	11:00	Bø kyrkje	Joh 15,1-8	5. søndag i påsketida	Gudsteneste
14.05	11:00	Bø kyrkje	Luk 18,1-8	6. søndag i påsketida	Nattverd og kyrkjekaffi
14.05	17:00	Tomaskapellet	Luk 18,1-8	6. søndag i påsketida	Tru og lys-gudsteneste
17.05	11:00	Bø kyrkje	Luk 1,50-53		17. mai-gudsteneste
18.05			Mark 16,19-20	Kristi himmelfartsdag	Sjå bokyrkje.no



Bø kyrkjekontor, Kyrkjevegen 78, 3800 Bø i Telemark
Telefon: 35 06 10 40 • Epost: post@bokyrkje.no
Bø kyrkje og Bø gamle kyrkje, Kyrkjevegen 63, 3800 Bø i Telemark

FYLG OSS PÅ bokyrkje.no //  Bø kyrkjelyd

Redaksjonen: Olav Haugestøl, Ulf Vege, Axel J. Bugge, Bjørn Seljebotn
Trykk og design: Superlativ Media AS / Opplag: 3300 eks.